

Forslag til æresmedlem i HIL:

Tore Tyribakken.

Ynskjer med dette og føreslå Tore Tyribakken som æresmedlem i idrettslaget.

Grunngjevinga for dette er Tore sitt utrøyttleige engasjement for idretten i Hemsedal. Dette engasjementet har Tore hatt sidan han kom til Hemsedal fyrst på 70-talet. Han kom raskt inn langrennsgruppa. Dette var på ei tid då det ikkje var så vanleg at foreldra i Hemsedal prioriterte å reise land og strand med ungane sine for at dei skulle få gå eit skirenn eller to. For Tore derimot var dette «kvardagsleg». Han farta rundt med Hemsedal sine lovande utøvarar, ofte for eigen rekning. Han var då både trenar, smørjar og tilretteleggjar.

Tore har også vore trenar i langrennsgruppa frå 1975 til 1995. Han har også vore svært sentral i Hallingdal Langrenn, før Hallingdal vart ein del av Buskerud Skikrets. Etter den tid har han stått på og arbeida jamt og trutt i anleggsnemda til langrennsgruppa i Hemsedal IL. Dette alt frå når anlegget var lysløypa i sentrum til utbygginga av Gravset som starta på begynnelsen av 2000-tallet og fram til i dag. Han har hatt kontroll på alle papir, pengar, søknadar og fylgd tett opp alle prosjekt på ein framifrå måte. Om det gjeld regelverk for tippemiddel eller regelverk for korleis langrennstrasear skal være er også Tore den som alltid har hatt oversikten. Tore er heller ikkje vanskeleg å spørje dersom det er ein dugnad som skal gjerast.

Tore har også vore svært aktiv i orienteringsgruppa i Hemsedal IL sidan midten av 70-talet, altså i nesten 40 år! Her vart han også med i styret i fleire periodar på 80 og 90-talet og ein av eldsjelenene her. Han har vore ein aktiv løpar og løypeleggjar for o-gruppa. Tore er ein ekte eldsjel og har vore ein pådrivar i o-samanheng! Han har også vore ein nøkkelperson bak turkarta i Hemsedal som både fastbuande og ikkje minst turistane har hatt stor glede av.

Alt dette engasjementet av ein person som ikkje eingong har vore i slekt med nokon av alle dei han har fylgd opp og fram. Dette er gjort utelukkande i rein dugnadsånd, utan personleg vinning av noko slag. Det er ikkje reint få kilometer han har køyrt med idrettsungdommen i Hemsedal på samlingar og renn. Tore er heller ikkje den som stikk seg fram, så det er nok dei færraste i Hemsedal som veit kor utruleg mykje denne karen har utretta for bygda. Slike personar finns det ikkje mange av!

Nå er det ikkje berre for idretten i Hemsedal at Tore har vore engasjert. Den tida når friidrettsbana på Nesbyen vart etablert og bygd pendla Tore til Nesbyen for å delta i bygginga av den. For sitt engasjementet er han av Nesbyen idrettslag hedra med NIL

Hederstegn for *særleg fortjenestefull innsats*. Nesbyen IL sitt hederstegn kan tildeles aktive idrettsutøvere og personer innen administrasjonen som har gjort en særlig fortjenestefull innsats for Nesbyen IL.

Håpar de finn Tore som ein verdig æresmedlem for idrettslaget, for sin utrøyttlelege innsats for at andre skal kunne utøva idrett i godt miljø og gode omgjevnadar i Hemsedal. Den innsatsen han har lagt ned i anlegg og løyper kjem idrettsfolk, bygdefolk og turistar til stor glede.

Og Tore er like engasjert den dag i dag!

Med helsing

Styret i langrennsgruppa